



Statens vegvesen

Referat

Dato: 03.10.2017
Tid: 13.00–15.00
Referent: Signe Eikenes

Sakshandsamar/telefon:
Signe Eikenes / 95191934>
Vår dato: 06.10.2017
Vår referanse:

Møte med Tysnes kommune og Fylkesmannen

Stad: Statens vegvesen sine lokale i Nygårdsgaten, Bergen
Møteleiar: Signe Eikenes
Til stades: Tysnes kommune: Kåre Martin Kleppe (ordførar) og Steinar Dalland (rådman)
Fylkesmannen i Hordaland: Magnus J. Steinsvåg (seniorrådgjevar
miljøvernnavdelinga), Egil Hauge (fagdirektør plan) og Kjell Kvingedal
(miljøvernsjef +) Hordaland fylkeskommune: Matti Torgersen,
samferdselsavdelinga Statens vegvesen: Bjørn Alsaker (vegplanleggjar), Idar
Reistad (ansvar naturmangfald), Lilli Mjelde (planleggingsleiar), Silje Alvsaker
(kommunikasjonsrådgjevar), Kjell Håvard Belsvik (ansvar bru Langenuen og
Bjørnafjorden) og Signe Eikenes (prosjektleiar)
Kopi til: Kjartan Hove, Gyda Grendstad

	Ansvar / frist
Innleiing Kommunedelplan med konsekvensutgreiling for E39 Stord–Os har lege ute til gjennomsyn og vi har fått inn 134 merknader /svar. Mange handlar om kryssing av Langenuen og ilandføring av brua i Søre Øyane. I etterkant har Statens vegvesen gått gjennom alle høyringsuttalane og kommentert desse. Vi har også bearbeidd og justert veglinjene nokre stadar. I nord (Os) flyttar vi ilandføringspunkt for brua over Bjørnafjorden austover, frå Kobbavågen til Gulholmane. Dette blir både ei rimelegare og meir skånsom løysing i høve til nærmiljø- og friområdet i Søre Øyane. Bakgrunn for dette møtet var å gje Tysnes kommune og Fylkesmannen ei orientering og gå gjennom viktige tema med felles interesse på Tysnes.	

Ansvaret / frist
<p>Justering av linjer etter høyningsrunden</p> <p>Gjennom planlegginga har vi prøvd å legge veglinjene slik at dei unngår dei mest sårbare og verdifulle naturområda. Etter kvart som vi har fått fram meir kunnskap har vi gjort fleire justeringar /endringar. I tillegg har vi fått innspel i høyningsperioden som vi har teke omsyn til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Strekninga Færavåg – Landrøyno – Bårdsundet: Her har vi flytta veglinja litt mot vest for å kome unna eitt område med boreonemoral regnskog og tjørna med den sjeldne augnestikkaren. Med dette blir fyllingane i området vesentleg reduserte. • Gjennom sjølve Bårdsundet og nordover vrir vi bruva og vegen litt mot aust. Vi trekkjer oss bort frå strandlinja og unngår bruer over sunda (Borestadsvika /Grasvika). Her vil ein og minske konsekvensane for to regnskogar og eit større område med gamal kystfuruskog. • Nordover frå Frøkjedalsvatnet kan vi anten gå i austkanten av Fuglavatnet eller lenger vest (mot Matdalsfjellet). Begge alternativa gjev naturinngrep, anten i kystmyr /vassdrag eller i skog. • Nord på Reksteren vil veglinja vere avhengig av val av brukonstruksjon. Vi unngår tunnel nord for krysset på Gjøvåg, dermed kan krysset flyttast lenger nord og unngå eit verdifult naturområde. • I samband med reguleringsplanen kan ein ytterlegare gjere mindre justeringar for å minske påverknaden på dei viktigaste naturkvalitetane. <p>Fylkesmannen er positiv til endringane som er gjort. Vegen vil nødvendigvis ta ein del naturareal, og det viktige er at vi får eit robust miljø på det arealet som blir liggjande igjen.</p> <p>Tysnes kommune kan ikkje sjå at nokon får det verre med dei justeringane som blir gjort. Eit unntak er hytteområdet nord på Reksteren som vil få vegen nærmare dersom endeforankra flytebru blir vald.</p> <p>Økologisk kompensasjon</p> <p>Idar Reistad gjekk gjennom det Statens vegvesen har fått av informasjon om dette temaet, sjå vedlagt presentasjon. Magnus Steinsvåg er med i ei gruppe i regi av Miljødirektoratet som jobbar med dette, og det kjem straks ein vgleiar.</p> <p>Økologisk kompensasjon må sjåast i samanheng med frivillig vern. Kompensasjonsarealet treng ikkje vere innanfor planområdet.</p> <p>Statens vegvesen ventar på ei avklaring og eventuelt oppdrag frå SD om dette, korleis det skal gjennomførast. Vi reknar med at det blir eit tett samarbeid mellom Statens vegvesen, Fylkesmannen og Tysnes kommune, der Fylkesmannen vil få det faglege ansvaret.</p>

Ansvaret / frist**Arealbehov i anleggsperioden**

Statens vegvesen må legge til rette areal som entreprenøren kan bruke i anleggsperioden. Dette vil vere ved brufesta, både i nord på Svarvahella og der bru over Langenuen kjem på land. I tillegg vil det vere aktuelt å bruke hamna i Gjøvåg som tilkomst, og bygge anleggsveg derifrå opp til ny veglinje. Kva som må byggast av kai-fasilitetar i Gjøvåg har vi ikkje oversikt over no. I etterkant vil området vere eigna til ferjekai for innkorta samband mot Austevoll. Matti Torgersen, fylkeskommunen, orienterte om nye ordningar for ferjeavløysingsmidlar. Slike midlar kan både gå til avløsing og innkorting av samband. Ferjeavløysingsordninga kan bidra til å finansiere eit nytt samband mellom Huftarøy og Gjøvåg. Dette vil gje kortare reiseveg både mot Bergen og sørover på E39 frå Austevoll samanlikna med dagens to ferjesamband.

Brua over Bjørnafjorden må setjast saman i eit skjerma område for så å bli slept ut på plass. Austsida av Søreidsvika kan vere ein eigna plass til dette. Tysnes kommune skal i gang med revisjon av kommuneplanen, og dette vil vere eit aktuelt tema å avklare der. Statens vegvesen må regulere aktuelle område.

Kryss på Gjøvåg

Fylkesmannen har i sin høyringsuttale uttrykt at dei ikkje ynskjer kryss på Gjøvåg og rastepllass på Reksteren. Brua over Bjørnafjorden vil bli ein attraksjon, både for teknisk interesserte, og for reisande som vil sykle over eller gå ut på bru. Statens vegvesen meiner difor det er riktig å legge til rette for ein stoppe- /rastepllass. For kommunen er eit kryss nord på Reksteren viktig for å kunne utvikle området. Med eit kryss i området ved Gjøvåg kan også ferjetrafikk frå Austevoll kome effektivt inn på ny E39.

Etter endring av brutraseen over Bjørnafjorden har vi justert dei tilhøyrande veglinje nord på Reksteren slik at vi unngår tunnel. Dermed kan vi flytte krysset nordover frå Gjøvåg og bort frå naturverdiområdet krysset låg i. Fylkesmannen ser på dette som ei betre løysing.

Prosessens vidare

Høyringsuttalane og våre kommentarar til desse blir sendt over til KMD, som skal fastsetje kommunedelplanen. Tilleggsutgreiinga (KU) som vi gjer i samband med flyttinga av ilandføringspunkt i Os blir også sendt over til departementet. Truleg må denne delen av planområdet ut på ny, avgrensa høyring.

Fylkesmannen og kommunen etterlyste møte i referansegruppe og kontaktutval. I Regional transportplan 2018–29 er det lagt opp til å erstatte alle kontaktutvala med eit partnarskap for store samferdsleprosjekt i fylket saman med andre sentrale aktørar i fylket. Politisk sak om dette er under

Ansvar / frist
<p>førebuing. Statens vegvesen vil kalle inn til møte i referansegruppa i løpet av hausten, i etterkant av møte med KMD.</p> <p>Avslutning</p> <p>Statens vegvesen vil takke Fylkesmannen og Tysnes kommune for eit svært godt møte med konstruktiv dialog om framtida for Reksteren! Det er viktig å sjå vekst og vern i ein samanheng, og vi har eit felles ansvar for å få til ein god prosess kring dette. Statens vegvesen ser fram til eit godt samarbeid framover!</p>